

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Trysil.

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Stöa.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Nordgarden Stöa

(adresse):

G.nr. 8 Br.nr. 22.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Erling O. Storbæk, f. 1873 på Flermoen. Voks opp på Størbekken. Skogsarbeidar, sidan 1906 gardbrukar på Nordgarden Stöa.

SVAR

1. Det som låg innanfor skigarden, var åkeren og jordet. Alt som vert slått, er tö-jordet eller ~~fä~~ tö^ö; för var tö^ö den delen av jordet som vart gjödsla. (om eng, sjå nedanfor)
- E.S. trur at ekre er åker som er ~~at~~sådd, nå heiter det nysåing
- ~~Attlegg~~ Attlegg er åpen åker som er sådd att til för. Dette er gamalt namn.
- venning er nyplöygd grasmark som vert sådd att med grasfrö. Det kan og tyde plöyglse som ikkje er hörva.
- Av utslåtter er det fleire slag: enger ved vassdraga, myrslåtter og rönningar. Dei siste var opparbeidd ved bekker eller så. På utslåttene voks det oftast grovgras, böttngras, lushatt og storlushatt. Samnamn for dette var rubb, rubbgras. Slåtter med rubb vart betre di eldre dei vart.
- Det vart alltid nytta langljå på utslåtter.
- Höy frå jordet heitte töhöy.
2. Kvist oölö vart rydda bort fra slåttene. På jordet hadde det ikkje så lett for å koma kvist. Ryddinga gjekk oftast for seg på vårparten. Kvisten vart samla på slåtta i våler (ein vål).
- Det var ikkje noko serleg namn på sjölve arbeidet. Vålene vart brend inne på jordet.
- Oska vart liggjande.
- På utslåttene gjorde ein ikkje noko med steinen. Den voks ned etterkvart. På jordet tok ein bort den steinen som var synleg.
- (E.S. var leilending under det svenske selskapet som eig Stöa og skogen ikring. Han hadde rett til

11787

rö og brenna men ikkje selja i skogen.)

3. Mose i enga fekk dei bort med gjödsling. Mose i utslåtter vart det ikkje gjort noko med.

Det var ikkje vanleg å så grasfrö i svoren for å få betre grasvokster.

Kjøpt grasfrö var å få frå ca. 1870. Før den tid måtte ein finna frö i löa.

4. Det var vanleg å få bort vatnet frå jordet med åpne ~~grøftek~~grøfter.

Det har ikkje vore vanleg å vatna jordet. Derimot har det vore vanleg å gjödsla utslåttene med overvatning der naturvilkåra låg til rette for det. Det var ikkje alle staddr i Ljördalen at det låg slik til, dalsida errelativt bratt og dalbotnen noko trong. Men gjödslingsmåten vart brukt der det passa. Ofte var det nok berre å demma opp bekken så flöymde det ut over slåtta av seg sjölv fordi bekken låg högare enn slåtta. Kanalar til spreiding av vatnet vart og brukt.

Ikkje alt vatn var like godt til gjödsling, men E.S. kjenner ikkje noko namn på dei ulike kvalitetane.

Har ikkje høyrte ordet skogfröe eller liknande i samband med vatnet. Fröugt tyder trivsleg, god vokster.

Når ein högg bort skogen (til rönning) veks det alltid godt der; det var fröugt. Der det er fröugt, er det god skogfröe.

5. Det er gamalt å gjödsle tö^ö med naturgjödsel, men ikkje utslåttene (sjå 4).

Det var mykje naturgjödsel i höve til åkeren. 1/5-1-6 vart nytta til den, resten fekk tö^ö.

Sauemökka vart ikkje nytta til enga, den gjekk i åkeren. Sauene gjekk på lorten, laget vart 50-60 cm. högt. Om våren grov dei den ut med binggrever.

Desse var 3'' breie, tvertfor og oml. 5'' frå egga til skaftet. Gjödsla låg i haugar og brann så höyfröet vart öydelagt. På enga kom stort sett bare kugjödsel.

E.S. kjenner ikkje noko mål for kor sterkt ein burde gjödsla, det var etter som ein hadde gjödsel og vidde ~~ex~~ til.

6. Gjödsla grasmark heitte ~~kx~~^ö tö^ö.

Höy frå tö^ö heitte töhöy.

7. På dette spørsmålet svara E.S. "Dem gjorde vel det", men han kunne ikkje nemna noko konkret döme.

Siget heitte trekken.

Dersom lendet var for flatt, måtte dei le trekken grøfter.

Det var ikkje serleg namn på den delen av tö^ö som fekk trekken over seg.

Åkeren vart ikkje lagt slik at det skulle siga frå den ned på tö^ö. Det var omsynet til frosten som avgjorde plaseinga av åkeren. På Stöa er det heller ikkje frostnæmt, difor var det tidlegare vanleg å ha åkeren på sætra som låg høgare men likevel laglegare til såleis.

8. Tö^ö vart mest gjødsla om våren, men og eindel på hausten; det var rester etter vårgjødslinga og så kunne det hende dei hadde "no krek" heime med sommaren. Om våren kjørdeein ut gjødsla på hjulkjerre med jernband på hjula og bikk (tipp). Om hausten (det var oftast seint) brukte ein slæ. Ved lessing brukte ein rukku. Ein breidde enten frå kjerra eller tippa heile lasset i ein haug. Breidde med ruku. Greip kom for oml. 70 år sidan. Finbreiinga gjorde dei med mökkeslo. Det gjekk folk etter sloa og raka innpå att, det var mykje kvinnfolkarbeid. Når det var raka innpå, kjørde dei sloa ein gong til. Nå er mökkesloa borte, kom bort for oml. 40 år sidan.

9. Sauene og geita gjekk vanleg på jordet 14 dagars tid om våren. Det vanlege var at ein buförde med same kyrne kom ut; ~~dei kyrne kom ut på jordet dei~~
~~kom ut på jordet dei kom ut på jordet~~
~~dei kom ut på jordet dei kom ut på jordet~~
~~dei kom ut på jordet dei kom ut på jordet~~. Kyrne var kanhende heime 3-4 dagar men då måtte dei gå i skogen. Då måtte dei gjætast så dei ikkje kom inn på utslåttene; det var oftast husmora eller ungane som gjorde det. Hesten vart tjora (å kjöre, et kjör) på jordet ei tid om våren; det var for lite for han i skogen. Seinare gjekk dei hestane ein skulle ha heime med sumaren, i skogen med helle. Dei andre gjekk fritt i fjellet.

Når det lei ut på ettersumaren, drog dei heim med kyrne ei tid. Til denne tida skulle ein del av slåttene vera slegne så kyrne kunne få gå der. Kyrne kunne då ikkje få koma inn på jordet, for åkeren stod der ennå. Når dei drog heim, var det først og fremst for ~~at~~ å skaffa mat til slåttefolket, men og for at kyrne skulle få ta reinar på utslåttene, dette graset ville verta øydelagt om dei venta til hausten. Når dei kom oppatt, var det kome beite på sætervollen,

og kyrne fekk gå der. Når Torgal Östby seier at dei flytte heim fordi det vart så dårleg beite på sætra, så stemmer det for Östby-gardane, men ikkje for Stöa og endå mindre for Flermoen som hadde sæter langt inne i fjellet med gode beite. I Ljördalen var det gardar som hadde 3 sætrar dei flytte til og frå. Berg har ikkje sæter, dei beiter i skogen og må gjæta så kyrne ikkje kjem i slåttene.

Etter dei kom heim for ~~godt, gjekk kyrne~~ godt ved mikkelsmess, gjekk dyra fritt. Dei heldt seg helst på jordet. Utanfor skigarden var det då lite beite, det hende likevel dei tok seg ein tur på ein mæssåmo. Det var ikkje gjætar med dei, men ein måtte ha eit auga med dei.

Det er etter dette klårt at heile jordet vart beitt, om hausten.

dei små /
10. Det er vorte det skifte at utslåttene ikkje vert slegne lenger. Dei vert beitt. Det er ein av grunnane til at det minkar med sæterbruket. Det er og vorte vanleg å gjerda inne attlegg på jordet, i det siste med elektrisk gjerde, slik at ikkje kyrne kjem inn der om hausten. ~~Smått~~ Store, gode utslåtter vert slått ennå. Det er omlag 15 år sidan tilbakegangen i skogslåtten tok til.

11. Ein jamna alltid ut gjödsla som kyrne la etter seg på sætervollen og jordet. På sætervollen ~~gjerdast~~ ~~gjerdast~~ skulle det helst gjerast om hausten, men det kunne henda at snöen kom for brått på ein. Då måtte det gjerast om våren. På jordet vart det alltid gjort om våren, for der gjekk kyrne til snöen kom.

Ein slo ut mökka med ein kjepp, 1 1/2 m. lang med eit tverrtre (bordende) ca. 40 cm. langt. Det var fest til skaftet gjennom eit hol midt på tverrtreet. E. ~~Sk~~ S. hugsar ikkje namnet. Dei brukte same reidskapen når deislo sund sauemökka. Ein kunne og slå sund med ei rive som ein snudde så tindane vende opp. Dei siste 5-6 åra har dei tatt det heilt bort med spade og bötte, og sår i kunstgjödssel.

12. På sætra overnatta krötera i sommarfjös. På nesten alle gamle gardar var det og sommarfjös heime der kyrne overnatta om hausten og i den tida om sumaren då dei var heime frå sætra. Sommarfjöset sto i skigarden, og ~~uftast~~ var det ei kve utanfor döra. Det var

ikkje vanleg å leggja sommarfjösa attmed ei utslätte.
Det var berre eit sommarfjös på kvar gard.

E.S. hugsar ikkje at det var noko serlege og faste
reglar for spreinga av gjödsla frå sommarfjöset.

I gjödsla i sommarfjöset på sætra var det ikkje gras-
frö, difor har ein i det siste, etter det vart veg til
sætra, byrja å kjöra den heim og nytta den i åkeren.

13-18 fell bort.

19. Kve er 1. inngjerdt, oppdyrka jordstykke utanfor
skigarden, 2. inngjerding utanfor fjösdöra.

E.S. veit at teppa er nytta som gardsnamn på svensk
side; trur at det tyder eit inngjerdt oppdyrka jord-
stykke utanfor skigarden.

Stö(d) er kjendt i samansetjinga båtstö.

Dei andre orda er ukjendt eller ikkje brukt.

20. Det er inngjerdt slåttemark på sætra.

Den heiter sætervoll.

Det har vore slik så lenge E.S. kjenner til.

D_at går attende med sæterdrifta. Dei fleste som
sætrar ennå, slår sætervollen, men E.S. nyttar han
som kulturbeite.

Sætervollen vart og vert gjödsla som jordet, men sjå
12.

21. E.S. kjenner ikkje anna gjödsel gamalt enn natur-
gjödsel.